Det følger av virksomhets- og økonomiinstruksen at kravene i policy for informasjonssikkerhet og personvern i høyere utdanning og forskning skal ligge til grunn for arbeidet med informasjonssikkerhet og personvern ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. I lys av det skjerpede trusselbildet internasjonalt, den økende avhengigheten av digital teknologi i samfunnet og den raske teknologiske utviklingen, forventer Kunnskapsdepartementet at Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet styrker sitt arbeid med å forebygge, oppdage og håndtere alvorlige IKT-sikkerhetshendelser og brudd på personopplysningssikkerheten. I den forbindelse er behovet for tilfredsstillende kontinuitets- og beredskapsplaner særlig viktig.

4.2.3 Regelverkskompetanse

Å drive en stor samfunnsinstitusjon som et universitet eller en høyskole krever betydelig kompetanse om regelverket. Departementet har i forbindelse med lovproposisjonen til Stortinget om ny universitets- og høyskolelov understreket viktigheten av å prioritere slik kompetanse ved institusjonene, se [Prop. L 126 \(2022-2023\). pkt. 3.3.3](#). Departementet registrerer at flere universiteter og høyskoler er inne i omstillingsprosesser, og vil derfor understreke viktigheten av at institusjonene sikrer nødvendig juridisk kompetanse og forvaltningskompetanse, slik at de er i stand til å operere innenfor regelverket og forvalte den myndigheten og det handlingsrommet de har.

4.2.4 Krav ved inngåelse av leieavtaler

Som en oppfølging av NSM-rapporten¹² har Riksrevisjonen satt i gang en bred undersøkelse av statens husleieavtaler. I den forbindelse minner Kunnskapsdepartementet om regelverket som gjelder for inngåelse av slike avtaler. Ved inngåelse av leieavtaler der leieavtalens samlede forpliktelse overstiger 30 mill. kroner skal Statsbygg brukes som rådgiver. Leieavtaler med samlet forpliktelse over 100 mill. kroner, inkludert opsjoner, skal godkjennes av departementet. Disse kravene gjelder også ved forlengelse av eksisterende avtaler. Det vises også til vedlegg til tildelingsbrevet om fullmakter.

5 Rapportering og resultatoppfølging

5.1 Rapportering om resultater

Årsrapport for 2025 skal sendes til Kunnskapsdepartementet (postmottak@kd.dep.no) innen 15. mars 2026, med kopi til Riksrevisjonen og Database for statistikk om høyere utdanning (DBH) (dbh@hkdir.no). Departementet gjør oppmerksom på at årsrapporten skal publiseres på virksomhetens nettside innen 1. mai, jf. [Bestemmelser om økonomistyring i staten](#), pkt. 2.3.3.

Departementet minner også om at Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet innen 15. mars 2025 skal sende årsrapport for 2024 til postmottak@kd.dep.no, med kopi til Riksrevisjonen og DBH. Nærmere krav til denne årsrapporten fremgår av dokumentet *Krav til*

¹² [Gjedrem-utvalgets gjennomgang av Nasjonal sikkerhetsmyndighets leie av Snarøyveien 36](#)

årsrapport 2024 som var vedlagt fjorårets tildelingsbrev. Rapporteringskrav for årsrapport er også tilgjengelig på [HK-dirs nettsider](#).

Årsrapporten skal gi et dekkende bilde av virksomhetens resultater og gi departementet grunnlag for å vurdere måloppnåelse og ressursbruk, jf. [Bestemmelser om økonomistyring i staten](#) og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)s [Veiledningsnotat til årsrapport for statlige virksomheter](#). Vi viser for øvrig også til vedlegget «Krav til årsrapporten for statlige universiteter og høyskoler».

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet skal rapportere data til DBH. Krav til datarapporteringen og fristene gjennom året finnes på [DBHs nettsider](#).

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet skal avlegge delårsregnskap og årsregnskap. Departementet vil i egne brev angi hvilke frister og krav som gjelder for delårsregnskapene og årsregnskapet. Departementet viser til Finansdepartementets rundskriv [R-10/2024](#) når det gjelder rapportering av regnskapsopplysninger til statsregnskapet for 2025.

5.2 Satsingsforslag for 2027

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet kan sende inn eventuelle satsingsforslag i tråd med vedlagte veiledning. Frist for innsendelse av satsingsforslag for 2027 er **1. november 2025**. Forslaget sendes til postmottak@kd.dep.no.

5.3 Styringsdialogen i 2025

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet blir ikke innkalt til etatsstyringsmøte i 2025, men får en skriftlig tilbakemelding fra departementet i løpet av 1. halvår 2025 på bakgrunn av blant annet årsrapporten for 2024, tilstandsrapporten for høyere utdanning 2024 og resultatrapporteringen til DBH.

Med hilsen

Maria Tagmatarchi Storeng (e.f.)
ekspedisjonssjef

Charlotte Rustad
konst. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg og instrukser oppgitt nedenfor finnes på følgende nettside:

[Tildelingsbrev for universiteter og høyskoler 2025:](#)

- Orientering om statsbudsjettet for 2025 for universitet og høyskular etter vedtak i Stortinget 18. desember 2024
- Krav til årsrapport for statlige universiteter og høyskoler 2025
- Fullmakter for statlige universiteter og høyskoler 2025
- Veiledning til fremstilling av satsingsforslag for 2027
- Hovedtrekk i styringsdialogen for statlige universiteter og høyskoler 2025
- Virksomhets- og økonomiinstruks

Kopi

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse

Riksrevisjonen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvalteren i Innlandet

Statsforvalteren i Trøndelag

Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim



Kunnskapsdepartementet

Vedlegg

Orientering om statsbudsjettet 2025 for universitet og høgskular

Etter vedtak i Stortinget 18. desember 2024.

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving
og finansieringssystemet.



Orientering om statsbudsjettet 2025 for universitet og høgskular

Etter vedtak i Stortinget 18. desember 2024.

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.

Kortnavn for universiteta og høyskulane

Institusjon	Kortnavn
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	AHS
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	AHO
Barratt Due musikkinstitut	BDM
Bergen Arkitekthøgskole	BAS
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning	DMMH
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	FIH
Handelshøgskolen BI	BI
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	HiM
Høgskolen i Østfold	HiØ
Høgskulen for grøn utvikling	HGUt
Høgskulen i Volda	HVO
Høgskulen på Vestlandet	HVL
Høyskolen for dansekunst	HFDK
Høyskolen for ledelse og teologi	HLT
Høyskolen Kristiania	HK
Kunsthøgskolen i Oslo	KHiO
Lovisenberg diakonale høyskole	LDH
MF vitenskapelig høyskole	MF
NLA Høgskolen	NLA
Nord universitet	NU
Noregs handelshøgskole	NHH
Noregs idrettshøgskole	NIH
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	NMBU
Noregs musikkhøgskole	NMH
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	NTNU
OsloMet – storbyuniversitetet	OM
Samisk høyskole	SA
Steinerhøyskolen	STH
Universitetet i Agder	UiA
Universitetet i Bergen	UiB
Universitetet i Innlandet	INN
Universitetet i Oslo	UiO
Universitetet i Stavanger	UiS
Universitetet i Sørøst-Noreg	USN
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	UiT
VID vitenskapelige høyskole	VID

Innhald

1 Innleiing	7
2 Mål for universitet og høgskular	7
2.1 Om målstrukturen	7
2.2 Mål for 2025	7
2.3 Avvikling av kandidatmåltal	8
2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane	8
3 Løyvingar til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2025	9
3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2025 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 Universitet og høgskular	9
3.2 Universitets- og høgskulebygg over Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets budsjett	9
3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)	10
3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)	12
3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)	16
3.4 Studieplassar	17
3.4.1 Nye studieplassar	17
3.4.2 Studieplassar frå Utdanningsløftet 2020	17
3.4.3 Opptopping for å føre vidare studieplassar tildelte i tidlegare år	18
3.4.4 Overgangsordning med kompensasjon for bortfall av kandidatutteljing for studieplassar under opptopping	20
4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular	21
4.1 Rammefinansiering og resultatbasert utteljing	21
4.2 Satsar og indikatorar for den resultatbaserte utteljinga	21
4.3 Budsjettendring gjennom den resultatbaserte utteljinga i 2025	24
4.4 Datagrunnlag for den resultatbaserte utteljinga i 2025	25
4.5 Rapportering av data og resultatutteljing i budsjettet for 2026	27

1 Innleiing

Orientering om statsbudsjettet 2025 for universitet og høgskular gir informasjon om løyvinga til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett, jf. Innst. 12 S (2024–2025) og Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet. Orienteringa skal saman med endeleg tildelings-/tilskotsbrev danne grunnlag for dei budsjettddisponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtek for 2025.

2 Mål for universitet og høgskular

2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet fastset overordna og langsiktige mål for universiteta og høgskulane som får løyving over Kunnskapsdepartementets budsjett. Måla for 2025 er dei same som måla for 2024. Dei er fastsett etter innspel frå sektoren og for å reflektere dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgskular. Måla er òg sett i samanheng med måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning som gjeld uavhengig av sektor.

Departementet har utviklingsavtalar med kvar av dei statlege universiteta og høgskulane, jf. *Rammeverk for utviklingsavtaler for statlige universiteter og høyskoler*.¹ Utviklingsavtalane har som formål å bidra til høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelege institusjonsprofilar og god arbeidsdeling. Avtalane inneheld differensierte mål og styringsparameter som beskriv strategiske prioriteringar som den enkelte institusjonen har for å bidra til å nå dei nasjonale sektormåla. Utviklingsavtalane er eit verktøy i styringsdialogen og skal bidra til å utvikle institusjonane og sektoren.

Utviklingsavtalane inngår i tildelingsbrev til institusjonane. Departementet har ikkje utviklingsavtalar med dei private høgskulane, men følger opp mål og resultat som del av tilskotsforvaltninga.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

2.2 Mål for 2025

Kunnskapsdepartementet har fastsett tre overordna mål for høgare utdanning og forskning i Prop. 1 S (2024–2025). Universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Krav til rapportering til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ligg på DBH-nettsidene til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).² For rapporteringskrav til årsrapporten viser vi til vedlegg til endeleg tildelings- og tilskotsbrev.

For 2025 gjeld desse overordna og langsiktige måla:

- Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning
- Mål 2: Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- Mål 3: God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/utviklingsavtaler-fra-mars-2023/id2964165/>

² <https://dbh.hkdir.no/frister-og-rapportering/rapporteringskrav>

2.3 Avvikling av kandidatmåltal

Sidan 2014 har departementet fastsett kandidatmåltal for enkelte utdanningar i helse- og sosialfag og lærarutdanningar. Kandidatmåltala har vore minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Regjeringa varsla i profesjonsmeldinga at ho vil avvikle bruken av kandidatmåltal og erstatte dei med god og tilgjengeleg statistikk om opptaks- og gjennomføringstal for profesjonsutdanningane, jf. Innst. 330 S (2023-2024) og Meld. St. 19 (2023-2024).

2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/dialog-/kontaktmøte og skriftleg tilbakemelding.

Årsrapportane, resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) og den årlege tilstandsrapporten for høgare utdanning utgjer hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på utviklingsavtalene og eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har ansvar for akkreditering og for å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning. NOKUT har ansvar for å føre tilsyn med private høgskular og studentsamskipnadane.

Frå 1. januar 2025 får Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse ansvaret for å kontrollere etterlevinga av krav som blir stilt til arbeidet med tryggleik- og beredskap i verksemdar i høgare utdannings- og forskingssektoren.

3 Løyvingar til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2025

Samla løyving for universitet og høgskular er 46,5 mrd. kroner i 2025, fordelt med 44,2 mrd. kroner til statlege universitet og høgskular på kap. 260, post 50 og 2,3 mrd. kroner til private høgskular på kap. 260, post 70.

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2025 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 Universitet og høgskular

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260 (post 50 og 70). Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

(i 1 000 kroner)	
Overgangsordning nytt finansieringssystem for studieplassar under opptrapping	184 825
Studieplassmidlar med opphøveleg tildeling 2020-2024	136 651
Midlar til å styrke det desentraliserte og fleksible tilbodet	120 000
Nye studieplassar 2025	24 270
Utfasing av studieplassar tildelt i samband med RNB 2020 (Utdanningsløftet 2020)	-392 189
Utfasing av rekrutteringsstillingar tildelt i samband med RNB 2020 (Utdanningsløftet 2020)	-263 647
Resultatbasert utteljing	-204 844
Reduksjon for å frigjere midlar til omprioriteringar innanfor det samla budsjettforslaget	-167 050
Reduksjon i samband med studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits	-80 661
Eigenbetaling for gjentak av bestått eksamen	-22 317
Auke som følge av prisjustering for 2025 og tilbakeføring av reduksjon på 50 mill. kroner frå budsjettforliket om 2024-budsjettet	1 754 800

3.2 Universitets- og høgskulebygg over Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets budsjett

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2025 til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

(i 1 000 kroner)	
Vidareføring av byggeprosjektet Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 1530, post 33)	2 900 000
Utstyr og inventar til Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 1530, post 45)	420 000
Vidareføring av byggeprosjektet campussamling i Trondheim, NTNU (kap. 1530, post 33)	678 000
Utstyr og inventar til campussamling i Trondheim, NTNU (kap. 1530, post 45)	57 000
Vidareføring av byggeprosjektet Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 1530, post 33)	668 500
Utstyr og inventar til Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 1530, post 45)	95 000
Vidareføring av byggeprosjektet Blått bygg, NU (kap. 2445, post 33)	72 700

Vidareføring av byggeprosjektet Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 1530, post 33). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar	1 000 000
Utstyr og inventar til Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 1530, post 45). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar	1 100 000

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2024 til 2025 i løyvinga for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260, post 50 og for dei enkelte private høgskulane over kap. 260, post 70.

Tabellane med endra løyving per institusjon er bygde opp som følger:

- Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2024* som er tildeling per institusjon i tildelingsbrev/tilskotsbrev i samband med statsbudsjettet for 2024.
- Kolonnen *Prisjustering* viser prisjusteringa av *Saldert budsjett 2024* og tilbakeføring av prisjusteringa som blei redusert i budsjettforliket i 2024. Satsen for prisjustering for 2025 er 3,8 pst. som for andre 50- og 70-postar i statsbudsjettet.
- *Studieplassar 2020–2024* viser netto endringar som følge av midlar til studieplassar tildelte i budsjetta frå 2020 til og med 2024. Sjå oversikt over studieplassane under *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Utfasing rekr. stillingar* viser ein reduksjon i løyvinga som følge av at midlane til dei 250 mellombelse rekrutteringsstillingane som blei løyvde i samband med Utdanningsløftet 2020 blir fasa ut.
- *Resultatbasert utteljing* viser utteljing som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane. Kap. 4.2 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.
- *Overgangsordning nytt finsys* viser ein auke i løyvinga som følge av ei overgangsordning for studieplasstildelingar under opptrapping som ikkje enno har kunna få kandidatutteljing, og som ville fått lågare finansiering i det nye finansieringssystemet som følge av at kandidatindikatoren er fjerna. Midlane kompenserer den delen av den forventa kandidatutteljinga som ikkje vil bli dekt gjennom auka studiepoengutteljing med dei nye satsane.
- *Reduksjon* viser ein reduksjon i løyvinga for å frigjere midlar til omprioriteringar innanfor det samla budsjettforslaget frå regjeringa. Reduksjonen er som utgangspunkt fordelt pro rata. Det er gjort nokre justeringar slik at dei med mange søkarar, ein stor del studentar i helse- lærar- og MNT-fag, høge EU-inntekter og høg tilslagsrate på søknader til Forskringsrådet får ein mindre reduksjon.
- *Studieavgift* viser siste halvårseffekt av reduksjonen i løyvinga som følge av at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023.
- *Eigenbetaling for gjentak av bestått eksamen* viser ein reduksjon i løyvinga som følge av at institusjonane kan ta eigenbetaling for gjentak av beståtte eksamenar. Institusjonane skal sjølve fastsette nivået på eigenbetalinga, avgrensa til meirkostnaden ved gjentak. Det er tatt

utgangspunkt i statistikk over faktiske gjentak av beståtte eksamenar ved universiteta og høgskulane frå 2022.

- *Desentral og fleksibel utdanning* viser ein auke i løyvinga for å styrke det desentrale og fleksible tilbodet. Midlane blir fordelte dels ut frå i kva grad dei faste campusane kan styrke tilbodet i regionar med dårlegare tilgang til høgare utdanning, og dels ut frå omfanget av desentralisert undervisning. Institusjonar med mange studentar per faglege årsverk er prioriterte for å styrke det økonomiske handlingsrommet for desse institusjonane.
- *Nye studieplassar* viser ein auke i løyvinga som følge av nye studieplassar i 2025. Sjå oversikt over studieplassane i *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Andre endringar* viser andre tiltak med verknad for enkelte institusjonar. Sjå forklaringane for den enkelte institusjonen nedanfor tabellane.
- *Rammeløyving 2025* er tildelinga per institusjon, og svarar til summen av *Saldert budsjett 2024* og endringskolonnane.

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2024 til 2025 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2024	Pris- justering	Studie- plassar 2020–2024	Utfasing rekr.- stillinger	Resultat- basert utteljing	Overgangs- ordning nytt fin.sys.	Reduksjon	Studie- avgift	Eigen- betaling for gjentak	Desentra- lisert og fleksibel utdanning	Nye studie- plassar	Andre endringar	Ramme- løyving 2025
AHO	252 874	9 816	-3 422	-2 109	-1 367	2 545	-606	-455	-4	-	-	13 414	270 686
HIM	359 497	13 971	-4 465	-6 328	-1 532	3 418	-1 681	-754	-502	1 500	-	-	363 124
HiØ	858 554	33 356	-2 549	-5 273	-6 848	3 275	-3 317	-1 212	-336	3 400	-	-	879 050
HVL	2 451 315	95 289	-13 185	-11 601	-46 006	6 976	-8 832	-1 575	-991	11 800	1 000	3 580	2 487 770
HVO	456 724	17 805	-9 579	-6 328	-11 747	4 025	-2 250	-493	-79	3 400	1 000	-	452 478
INN	1 500 699	58 151	-8 917	-10 546	-57 081	7 871	-6 998	-1 626	-974	12 000	500	-3 539	1 489 540
KHiO	414 682	16 169	-	-	1 102	-	-1 283	-378	-5	-	-	-	430 287
NHH	639 465	24 448	-7 622	-4 218	-4 661	2 448	-2 203	-1 724	-1 227	600	-	-	645 306
NIH	271 572	10 514	4 056	-1 055	9 336	-	-572	-	-19	-	-	10 000	303 832
NMBU	1 576 922	60 943	-16 111	-15 819	31 299	12 918	-4 890	-3 177	-355	1 300	1 513	-	1 644 543
NMH	334 470	13 028	-3 421	-2 109	-793	-	-1 035	-463	-46	-	-	-304	339 327
NTNU	7 981 643	306 234	-25 390	-30 583	5 059	23 186	-26 651	-12 910	-3 634	13 100	3 307	11 265	8 244 626
NU	1 878 541	72 884	-9 229	-10 546	-43 580	5 372	-7 561	-2 492	-832	11 500	500	-47 531	1 847 026
OM	3 057 020	118 509	-24 688	-21 091	-16 332	12 613	-10 572	-4 555	-972	8 800	3 779	5 674	3 128 185
SA	118 602	4 586	-1 089	-1 055	-233	350	-469	-54	-	400	-	8 114	129 152
UiA	1 836 781	71 313	173	-5 273	10 103	5 565	-8 022	-2 717	-1 565	10 700	1 520	-545	1 918 033
UiB	4 301 359	166 280	-9 550	-16 873	13 228	15 747	-16 820	-7 108	-2 148	3 100	3 545	1 255	4 452 015
UiO	6 423 058	248 184	-13 848	-20 037	8 894	15 637	-18 049	-13 870	-2 051	-	3 307	-1 681	6 629 544
UiS	1 981 487	76 668	-21 777	-16 873	-14 617	9 103	-7 657	-8 176	-776	5 800	-	7 720	2 010 902
UiT	4 061 059	157 470	-17 034	-24 255	-25 311	20 487	-17 329	-5 653	-1 091	20 800	520	6 546	4 175 449
USN	2 290 922	88 830	-21 016	-18 982	-39 181	9 959	-9 097	-4 980	-832	9 200	1 279	4 000	2 310 102

Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

Reduksjon på 272 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Auke på 13,686 mill. kroner som følge av at det blir flytta 20 studieplassar i landskapsarkitektur til AHO frå UiT.

Høgskulen på Vestlandet

Reduksjon på 420 000 kroner som følge av avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om levering av lønns- og personaltenester.

Auke på 4 mill. kroner som følge av at finansieringa av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (2024-plassar) er flytta frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga.

Noregs idrettshøgskole

Auke på 10 mill. kroner for å styrke rammeløyvinga.

Noregs musikkhøgskole

Reduksjon på 272 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Reduksjon på 32 000 kroner som følge av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorareal i statlege verksemdar.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Reduksjon på 5,19 mill. kroner som følge av utfasing av eingongsløyvinga i 2024 til etableringskostnader for flyingeniørutdanning.

Reduksjon på 545 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Auke på 5 mill. kroner som følge av at finansieringa av små utdanningar i spesialpedagogikk er flytta frå kap. 226, post 21 til rammeløyvinga.

Auke på 5 mill. kroner til Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning.

Auke på 5 mill. kroner til Nasjonalt senter for matematikk i opplæringa (Matematikksenteret).

Auke på 1 mill. kroner til Matematikksenteret for program for lærarutdannarar i matematikk.

Auke på 1 mill. kroner som følge av at driftstilskotet til matematikk.org er flytta frå kap. 226, post 21 til rammeløyvinga.

Nord universitet

Reduksjon på 66,516 mill. kroner som følge av at brukarutstyrsprosjektet for Blått bygg blir avslutta i løpet av 2025.

Auke på 15,985 mill. kroner til husleigekompensasjon for Blått bygg.

Auke på 3 mill. kroner som følge av at finansieringa av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (2024-plassar) er flytta frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga.

OsloMet – storbyuniversitetet

Reduksjon på 326 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Auke på 6 mill. kroner som følge av at finansieringa av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (2024-plassar) er flytta frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga.

Samisk høgskole

Reduksjon på 2,266 mill. kroner. Det inneber at 5 mill. kroner er ført vidare av auken i løyvinga for 2024 for å styrke drifta, etablere ei samisk tolkeutdanning og utvide begynnaropplæringa i samisk språk.

Auke på 10,38 mill. kroner som følge av vidareføring av løyvinga til å auke studietilbodet som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Universitetet i Agder

Reduksjon på 545 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Universitetet i Bergen

Reduksjon på 545 000 kroner som følge av vidareføring av kuttet grunna færre studentar frå Ukraina enn anslått, som blei vedtatt i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2024.

Auke på 1,8 mill. kroner til husleigekompensasjon for universitetsareala i Stavanger universitetssjukehus.

Universitet i Innlandet

Reduksjon på 6,539 mill. kroner som følge av utfasing av eingongsløyvinga i 2024 til etableringskostnader for fysioterapiutdanning i Elverum.

Auke på 3 mill. kroner som følge av at finansieringa av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (2024-plassar) er flytta frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga.

Universitetet i Oslo

Reduksjon på 9,342 mill. kroner som følge av at eingongsløyvinga til arbeidet med Norwegian Internet Exchange blir fasa ut.

Auke på 5 mill. kroner til Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret).

Auke på 1 mill. kroner til Naturfagsenteret for program for lærarutdannarar i naturfag.

Auke på 1,661 mill. kroner til husleigekompensasjon for universitetsareala i Radiumhospitalet.

Universitetet i Stavanger

Auke på 5 mill. kroner til Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning.

Auke på 2,72 mill. kroner til husleigekompensasjon for universitetsareala i Stavanger universitetssjukehus.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Reduksjon på 13,686 mill. kroner som følge av at det blir flytta 20 studieplassar i landskapsarkitektur frå UiT til AHO.

Auke på 15 mill. kroner til pilotutdanninga i Bardufoss.

Auke på 5,232 mill. kroner til husleigekompensasjon for universitetsareala i Hammerfest sjukehus.

[Universitetet i Sørøst-Noreg](#)

Auke på 4 mill. kroner som følge av at finansieringa av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (2024-plassar) er flytta frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga.

3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2024 til 2025 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2024	Pris- justering	Studie- plassar 2020–2024	Utfasing rekr.- stillingar	Resultat- basert utteljing	Overgangs- ordning nytt fin.sys.	Reduksjon	Studie- avgift	Eigen- betaling for gjentak	Desentra- lisert og fleksibel utdanning	Nye studie- plassar	Ramme- løyving 2025
AHS	33 468	1 311	-	-	-17	-	-156	-	-32	-	-	34 574
BAS	21 648	850	-	-	34	-	-64	-92	-3	-	-	22 373
BDM	33 266	1 302	-	-	-	-	-103	-25	-	-	-	34 440
BI	453 637	17 786	-17 967	-10 546	5 204	5 838	-2 873	-2 147	-2 676	-	-	446 256
DMMH	163 544	6 405	-1 088	-1 055	-6 790	357	-459	-37	-26	300	1 500	162 651
FIH	15 639	615	-	-	-946	-	-88	-572	-2	-	-	14 646
HFDK	2 290	89	-	-	-	-	-15	-	-	-	-	2 364
HGUt	3 073	121	-	-	-576	-	-19	-	-6	-	-	2 593
HK	401 058	15 693	-12 522	-7 382	6 768	4 113	-2 459	-54	-494	-	-	404 721
HLT	17 596	692	-	-	686	-	-123	-716	-2	-	-	18 133
LDH	149 109	5 838	-2 994	-3 164	1 139	1 712	-529	-69	-180	-	-	150 862
MF	122 070	4 786	-273	-	-3 391	2 613	-635	-1 283	-17	-	-	123 870
NLA	338 212	13 234	-4 900	-3 164	-8 004	5 279	-1 403	-303	-95	600	-	339 456
STH	18 679	732	-	-	212	-	-78	-117	-16	-	1 000	20 412
VID	534 137	20 898	-7 131	-7 382	-8 895	3 418	-2 152	-874	-329	1 700	-	533 390

3.4 Studieplassar

3.4.1 Nye studieplassar

Stortinget har løyvd midlar til:

- 100 studieplassar i IKT (3-årige): 20 kvar til NTNU og UiO, 15 kvar til OsloMet og USN, og 10 kvar til UiB, UiA og UiT.
- 50 studieplassar i medisin (6-årige): 20 til UiB (Førde) og 15 kvar til NTNU (Ålesund og Levanger) og UiO (Innlandet).
- 10 studieplassar i veterinærmedisin ved NMBU (5,5-årige).

Stortinget har løyvd 10 mill. kroner til institusjonar som kan auke kapasiteten i arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning i 2025 med til saman 165 plassar. Delar av løyvinga er til institusjonar som kan flytte ledig kapasitet frå ordinær barnehagelærerutdanning til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Desse plassane blir tildelte med ein sats på 50 000 kroner per plass per år i fire år (deltidsstudium over fire år) og midlane blir derfor trappa opp over fire år. Resterande løyving er til institusjonar som kan auke den samlede kapasiteten i barnehagelærerutdanning gjennom å opprette nye plassar på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Desse studieplassane blir tildelte med ein sats på 100 000 kroner per plass per år i fire år.

Tabellen nedanfor viser fordelinga av studieplassane.

	Antal plassar, flytta kapasitet	Antal plassar, auke kapasitet
DMMH	30	
HVL	20	
HVO	20	
INN	10	
NU	10	
OM	10	25
STH		10
UiA	20	
USN	10	

Stortinget har også vedtatt å flytte finansieringa av studieplassar frå 2024 i arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning frå kap. 231, post 21 til rammeløyvinga til institusjonane. Sjå omtale i kap. 3.3.1 under «Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular». Finansieringa av desse plassane i 2024 var inkludert opptappingseffektar, og dei blir derfor ikkje trappa opp i seinare budsjettår.

3.4.2 Studieplassar frå Utdanningsløftet 2020

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. I 2022 vedtok Stortinget at løyvinga ikkje skulle bli trappa opp for opptak av nye kull frå og med 2023, med unntak av 80 studieplassar i medisin, jf. tabellen *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2020 til og med RNB 2024* i kap. 3.4.3. Institusjonane får midlar til at kulla som blei tekne opp i 2020–2022 får gå ferdig studieløpa sine. Følgande studieplassar blir fasa ut med heilårseffekt i 2025:

- 4-årige studieplassar i sjukepleiarutdanning, andre helse- og sosialfagutdanningar, barnehagelærerutdanning, andre lærarutdanningar og pedagogikk, juridiske og økonomisk-administrative fag, utøvande musikk og MNT
- 3-årige studieplassar i animasjon

Følgande studieplassar blir fasa ut med ein halvårseffekt:

- 2-årige studieplassar i vidareutdanning i sjukepleie og utdanning i film, kunst og design, musikkterapi, biomedisin, klinisk ernæring og fysisk planlegging (ferdig fasa ut i 2025)
- 5-årige studieplassar i grunnskulelærer- og lektorutdanning, farmasi, arkitektur og design, by- og regionplanlegging og musikkterapi

3.4.3 Opptopping for å føre vidare studieplassar tildelte i tidlegare år

Stortinget har løyvd 18,2 mill. kroner til lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag. Finansieringa tilsvarar ei tildeling av toårige studieplassar på tidspunktet når studentane tek til det fjerde året i den nye, femårige utdanninga. Tabellen nedanfor viser fordelinga av studieplassane.

Fordeling av studieplassmidlar til finansiering av fjerde og femte studieår i lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag.

	Antal	Oppstart av fjerde år
NIH	40	2024
HVL	52	2025
INN	50	2025
NU	20	2025
OM	125	2025
USN	25	2025

Tabellen nedanfor viser studieplassar for fleirårige utdanningar tildelte i tidlegare budsjettår som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Universitetet i Sørøst-Noreg fekk i 2024 ein auke i løyvinga på 8 mill. kroner for å etablere ein campus på Gol. Løyvinga blir trappa opp til å tilsvare ei tildeling på 60 treårige studieplassar.

Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2020 til og med RNB 2024

	RNB 2020	2022	2022 tillegg	2023		2024					RNB 2024
	Medisin, kat. A, 6 år	Medisin, kat. A, 6 år	Sjukepleiar, kat. D, 4 år	Medisin, kat. A, 6 år	Nukleære fag, kat. D, 5 år	Vernepleie, skogfag, flyingeniør, kat. E, 3 år	Folkedans, kat. B, 3 år	Fysioterapeut, kat. D, 3 år	IKT, kat. E, 3 år	Medisin, kat. A, 6 år	Veterinær, kat. A, 5,5 år
HiM			52								
HiØ			43						10		
HVL			14						10		
INN			4			20		20			
LDH			10								
NU			25			20					
NMBU					20						10
NTNU	20		4			25			30	20	
OM									10		
UiA			59						10		
UiB	20								10	20	
UiO	20				20				20	20	
UiS			20								
USN			37				10				
UiT	20	15		30							
VID			32								

3.4.4 Overgangsordning for kandidatutteljing for studieplassar under opptrapping.

Som omtalt i avsnitt 3.3 er det innført ei overgangsordning for studieplasstildelingar under opptrapping som ikkje enno har kunna få kandidatutteljing, og som ville fått lågare finansiering i det nye finansieringssystemet som følge av at kandidatindikatoren er fjerna. Det meste av kompensasjonen er knytt til dei mellombelse studieplassane frå Utdanningsløftet 2020. For at ordninga skal blir budsjettmessig nøytral sett i samanheng med forenklinga av finansieringskategoriane, er det behov for å reversere noko av kompensasjonen i 2028. Tabellen under viser beløpet som vil bli fasa ut i 2028 per institusjon.

Budsjettendring i 2028 som følge av overgangsordninga for kandidatutteljinga, i 1000 kr

Institusjon	Budsjettendring i 2028
AHO	-2 545
HIM	-1 154
HiØ	-749
HVL	-2 419
HVO	-1 119
INN	-3 016
NHH	-2 448
NMBU	-4 266
NTNU	-3 726
NU	-1 049
OM	-739
SA	-350
UiA	-771
UiB	-5 701
UiO	-3 623
UiS	-2 205
UiT	-3 627
USN	-1 673
BI	-4 946
HK	-724
MF	-123
NLA	-724

4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

4.1 Rammefinansiering og resultatbasert utteljing

Den samla budsjetttramma til universitet og høgskular blir løyvd over kap. 260, post 50 for universitet og statlege høgskular og post 70 for private høgskular.

Rammefinansieringa inneber at institusjonane skal sjå heile rammeløyvinga under eitt, og gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Systemet med resultatbasert utteljing inneber at institusjonane får ei regelstyrt endring i si rammeløyving basert på resultatendringane sine. Regjeringa la fram endringar i systemet for resultatbasert utteljing i Meld. St. 14 (2022–2023) *Utsyn over kompetansebehovet i Norge* og Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet. Budsjettet for 2025 er det første året med utteljing etter det nye systemet.

Den regelstyrte resultatbaserte utteljinga i budsjettet for 2025 avheng av endringa i resultata mellom 2022 og 2023 for indikatorane for studiepoeng og doktorgradar. For desse indikatorane blir resultatendringa multiplisert med satsen for indikatoren. Det vil seie at institusjonane får meir midlar dersom dei har ein auke i resultata på desse indikatorane. Tilsvarende får institusjonane negativ utteljing dersom dei har ein nedgang. Uttejinga på fullføringsindikatoren avheng både av institusjonen si endring i fullføringsgraden frå 2022 til 2023 og nivået på fullføringsgraden i 2023 i høve til resten av sektoren.

4.2 Satsar og indikatorar for den resultatbaserte utteljinga

Studieplassatsar for tildelingar før 2025

Opptrapping av midlar til studieplassar tildelte i budsjettår før 2025, blir berekna etter dei tidlegare kategoriane. Tabellen under viser satsane for 2025.

Satsar for studieplasstildelingar etter dei tidlegare kategoriane (tal i kroner)

Kategori	Utdanning	Sats for opptrapping av studieplasstildelingar
A	Kliniske utdanningar o.a.	302 450
B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	228 100
C	Realfag på høgare grads nivå o.a.	155 100
D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgare grads nivå, grunnskulelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	108 900
E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	93 600
F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	78 100

Satsar og indikatorar frå 2025

Frå og med 2025 blir det gitt resultatbasert utteljing for følgande indikatorar:

- studiepoeng
- doktorgradar
- fullføring av gradsprogram

